

Kven fortener nynorsk næringslivspris?

(NPK): Noregs Mållag skal dela ut Nynorsk næringslivspris for andre gong. – I fjor gjekk prisen til Lerum AS. Det blir spennande å sjå kven som når opp i år. No inviterer vi alle til å koma med framlegg til gode kandidatar, seier juryleiar Berit Rekve.

Framlegg kan òg omfatta verksemder som nyttar nynorsk, men som ikkje har berre dette som målform.

– Vi tykkjer det er viktig at også verksemder som nyttar nynorsk jamsides med bokmål i marknadskommunikasjonen

sin, kan få konkurrera om ei slik utmerking. Dette kan til dømes vera landsfemnande selskap som nyttar nynorsk i dei delane av landet der nynorsk er hovudform, seier Rekve.

Vinnaren vil få høve til å marknadsføra seg gjennom Mållaget sine kanalar. Verksemda får også eit prisvinnarmerke som kan nyttast på nett og i trykksaker, går det fram av ei pressemelding frå Mållaget.

Prisen blir delt ut i Oslo 8. desember, og fristen for å koma med framlegg er 15. oktober. (©NPK)